

Medlemsbrev

Hordaland Nei til EU

Desember 2020

God jul
til alle
medlem-
mer!



Landsmøte i Nei til EU 7. november 2020

Sidan dette i år måtte verta eit digitalt møte, knytte det seg stor spenning til det praktiske i avviklinga av eit så stort møte. Kvar fylkesdelegasjon var fysisk samla og sentralstyre og møteleing på tilsvarande måte i Oslo. Ei veke før vart det halde prøvelandsmøte for å sikra at alt fungerte. I Hordaland deltok 9 personar. Basisen var Teams og røystemåten var SmartVote. Ein felles talarstol. Avviklinga var uventa problemfri teknisk, spesielt vellukka var avrøystingsmåten på SmartVote. Fordeler: Grei, effektiv og trygg måte å ha landsmøte på. Ulemper: Færre enn vanleg hadde ordet og det vart ikkje rom for samråding og sosialt samvære mellom delegasjonane.

Sigmund Simmenes

Aktiviser folkestyreargumentet !

Hordaland gjorde god innsats på landsmøtet til Nei til EU. Det var prisverdig at den førde til kvas-sare formuleringar om motstand mot EØS-avalen og til noko større medvit om kor skadeleg avtalen er for folkestyret. Dette siste er særskilt viktig. Diskusjonen om EØS i folket kan ikkje vinnast berre gjennom kritikk av direktiv, sjølv om Nei til EU har lukkast godt i sin kamp mot fleire av dei. Me må og få fram at systemet som produserer slike dokument, som blir styrande for politikken i Noreg, bryt med demokratiske prinsipp, både hjå oss og i alle medlemsland i EU. Poenget er enkelt: at lover blir vedtekne av folk me ikkje har valgt, og som me ikkje kan kontrollere i valg. Maktfordelingsprinsippet frå 1814 er med det sett til sides. Dei folke-

valde forsamlingane hadde tidlegare monopol på all lovgjeving. Dei står att med svartepet i den europeiske integrasjonen. For oss i EØS er tapet av lovgjevingsmakt stort. Våre EØS-parti har delvis kamuflerte dette. For alle direktiv frå Brussel må framleis gå gjennom Stortinget. Men Noreg har samtidig forplikta seg til å gjera direktiva om til norsk lov. Slik blir Stortinget ei kopimaskin for Brussel. Medlemskap i EU ville gjort situasjonen mykje verre. No bør kunnskap om institusjonane i EU løftast fram. Kritikken av EUs lovgjevingsprosess må bli meir konkret og opplysende. Det må til for å hindre at EU kan bruke si definisjonsmakt til å gjere folkestyret om til eit styre av embetsmenn og byråkratar.

John Dale

Medlemsbrev - Nytt koronatiltak fra styret i Hordaland Nei til EU

I disse koronatider er det vanskelig å organisere medlemsmøter og studiemøter. Derfor har styret bestemt å gi ut et medlemsbrev med ujevne mellomrom. Vi vil informere om aktuelle saker som gjelder Nei til EU og vårt EU- og EØS-medlemskap. Dette er første medlemsbrev. Alle artiklene her er skrevet av styremedlemmer i Hordaland nei til EU, men står for deres egne meninger. Vi tar gjerne imot innlegg fra andre.

at EØS-avtalen står over norske lover, reglar og retningslinjer, og korleis same avtale svekkjer det norske demokratiet og folkestyret. Det hastar med å kvitta seg med EØS-avtala, og få på plass ein jambyrdig handelsavtale der handel er det viktigaste, ikkje politisk og overnasjonal styring slik me ser det i EØS-avtala.

Toril Mongstad

Kamp mot sosiale dumping kan verta stoppa av EU via EØS-avtala.

Norsk arbeidsliv har sakte og sikkert vorte meir utfordrande i forhold til arbeidslivskriminalitet, meir lausarbeid, sosial dumping, dårlegare, eller manglande, arbeidskontraktar, mindre fokus på arbeidsmiljø og tryggleik m.m. For å motverka denne utviklinga har mange kommunar og fylkeskommunar vedteke gode modellar som skal motverka og hindra denne utviklinga. Først ut var Telemark fylke og Skien kommune, og fleire har følgd opp. Det er vidare vedteke ei forskrift for bruk av maksimalt to underleverandørar ved innkjøp innan bygg og anlegg og reinhald. No har ESA, organet som skal overvaka EØS-avtalen, retta søkjelyset mot både forskrifta og kommunale / fylkeskommunale avtalane. ESA sitt hovudargument er at dei ikkje er i tråd med proporsjonalitetsprinsippet, eit

prinsipp som er svært viktig i EU. Kort fortald går det ut på at eit kvart tiltak må stå i forhold til det ein ønskjer å oppnå. ESA hevdar i denne, og liknande saker, at målet kan oppnåast ved mindre restriktive reglar, og at sakene bør avklarast sak for sak, og ikkje med eit generelt og overordna regelverk. At dei skal hindra arbeidslivskriminalitet og sosial dumping, synes å vera underordna for ESA. Dei fire fridomane står over alt. Norske styresmakter har svart godt for seg, men ESA er ikkje nøgd. I juni kom det eit uvanleg skarpt svar frå ESA der dei slår fast at norske avtalar på området, er i strid med EØS-avtala, og at dei vurderer å ta saka til EFTA-domstolen. Styresmaktene våre arbeider vidare med å svara ESA. Saka er ikkje avklara. Dette er nok eit tydeleg døme på

Endeleg! – rettsleg prøving av suverenitetsavståing.

Nei til EU fører ein aktiv kamp mot å flytta makt og avgjerdsmynde frå landet vårt til Brussel. For oss er det viktig å ta vare på folkestyre, demokrati og suverenitet. Nei til EU ser med stor uro på korleis EU-lover og EU-rett vert innført som lov i Norge. Me veit at EU-lov står over norsk lov, og me veit at det folkevalde stortinget ikkje lenger åleine lagar lover slik intensjonen er i maktfordelingsprinsippet. Ulike regjeringar har innført eit omgrep og ein praksis som Nei til EU meiner svekkjer det norske folkestyret: lite inngripande. Det må forklarast litt. § 115 i Grunnlova vår fortel oss korleis styresmaktene skal handtera suverenitetsavståing:

det krev tre firedels fleirtal, og to tredelar av representantane må ver a til stades ved avstemminga. Stortinget har likevel vald å bruka § 26 heller enn § 115 når overføring av makt til EU har vore tema, og dei har grunngjeve det med at overføringa er lite inngripande. Dette omgrepet er ikkje nemnd i dei to paragrafane. To store saker har vore til diskusjon dei siste åra, Energipakkane med ACER, og Jernbanepakke 4. Her har Nei til EU sin kamp så langt ført fram. Me reiste søksmål mot regjeringa då ACER vart vedteken etter § 26, og saka skal handsamast i Høgsterett i januar 2021. Spørsmålet er om Nei til EU kan reisa ei slik sak. Me tapte

i Tingretten og i Lagmannsretten, men Høgsterett har avgjort at spørsmålet skal handsamast, og at det skal skje med Høgsterett i plenum. Det kan gje signal om at landet sin øvste domstol finn saka prinsipiell viktig, og det gjev grunn til håp.

Det var og ein stor siger for organisasjonen vår, då Stortinget avgjorde at Høgsterett skal uttala seg om kva paragraf som skal brukast når spørsmålet om Jernbanepakke 4 skal avklarast. Begge desse sakene gjev grunn til optimisme. Fleire ser at krava ved suverenitetsavståing framleis skal vera strenge, og at styresmaktene må ta Grunnlova på alvor.

Toril Mongstad

Kva skal elektrifiseringa brukast til?

I det politiske miljøet pågår det ein intens debatt for tida om norsk energipolitikk. Striden gjeld om kva den fornybare energien skal brukast til. Her har det utvikla seg ein klar interessekonflikt mellom fagrørsla, representert ved EL & IT-forbundet og Fellesforbundet, som vil byggja ut meir vindkraft for å skapa nye arbeidsplassar på land til erstatning for tapte oljearbeidsplassar, og naturvernarar som er skeptiske til meir landbasert vindkraft, eller vil gjera Norge til «grønt batteri i Europa».

Dei to kablane som er bygd over Nordsjøen til England og Tyskland har ein kapasitet på nær halvparten av den samla norske el-kraftproduksjoneen på 140 TWh. I tillegg kjem den planlagde vindkrafta på 23 TWh som har fått konsesjon eller er utbygd. Det ligg såleis til rettes for ein storstilt eksport av «rein» energi til Europa, der fornybar energi skal erstatta kol- og oljebasert energi på Kontinentet. Men tilgangen på «rein» energi kjem i tillegg til, ikkje i staden for olje og gass. Motivet er at kraftselskapa skal tena meir pengar. Fordi straumen er mykje dyrare på andre sida av Nordsjøen, vil denne eksporten

vera ei gullgruve for kraftselskap som BKK, Lyse Energi og Vattenfall, og eksporten av straum vil difor vera mykje høgare enn importen. Men etter kvart som det byggjer seg opp meir vindbasert energi i Norge, vil prisnivået jamna seg meir ut og stabilisera seg på eit nivå som er ein god del høgare enn dagens prisnivå, altså nær europeisk nivå. Dette vil på sikt gjera det ulønsamt med kraftkrevande industri i Norge. Innmeldinga av Norge i EU sin energiunion ACER vil gjera det vanskeleg å koma ut av denne situasjonen.

Eit anna stridsspørsmål er kor mykje norsk natur som skal ofrast i form av vind- og vasskraft for å berga klimaet og byggja opp ny landbasert industri til erstatning for olja. Med dei nye kablane er det stor sjanse for at den reine energien vil bli eksportert til EU med god fortjeneste til kraftselskapa og eigarane av kablane, i staden for å bli brukt til å byggja opp nye arbeidsplassar på land. Dei planlagte 2 600 turbinane vil leggja beslag på 1 300 km², eit areal på storleik med Vestfold fylke. Mykje av dette arealet er myr og våtmark, som slepp ut store

mengder med CO₂ ved utbygging og gjer klimaeffekten av vindparkane høgst tvilsam. Mange meiner difor at den samfunnsøkonomiske prisen på landbasert vindkraft er altfor høg, og at vindparkane bør flyttast ut til havs, der det er mykje meir vind.

Oddvar Skre

Etterlysing: Me vil gjerne ha e-postadressa di

Gode medlem!

Du som får dette medlemsskrivet i papirform, har ikkje e-postadressa di registrert i medlemsregisteret. Får me den, vil fylkeslaget spare pengar og du vil få denne type info på e-post samt anna informasjon frå Hordaland Nei til EU; som du no går glipp av. Du vil likevel ikkje bli rent ned av e-postar frå oss. Viss du ikkje kan hugsa å ha fått sms-ar frå oss, vil me gjerne ha mobilnummeret ditt også.

E-postadressa og mobilnummeret ditt kan du senda til hordaland@neitileu.no

Beste helsing oss i fylkesstyret Hordaland Nei til EU

Kontaktinfo Hordaland NtEU:
www.neitileu.no/fylke/hordaland
e-post: hordaland@neitileu.no

Gunnar Rutle, fylkesleiar
e-post: gunnar@rutle.net
Tlf. 992 55 590